



**SÆRUTSKRIFT FRÅ MØTEBOK 13. oktober 2015**

Møtestad : Lkf sine kontor i Lonsvegen 1

Tilstades : Kåre Leivestad, Alf T. Seim, Leif R. Fiske, Karstein Kleiveland, Johan Lygre, Geir Sørebo, Jorunn Nøttveit, Berge Toppe, Tove (vara for JH Kvalvågnes)  
May Eva Sandvik (kommunal repr.)

Kyrkjeverje Torgeir Paulsen frå administrasjonen

Forfall: Jorunn H. Kvalvågnes,

.....

Lindås kyrkjelege fellestråd har fatta følgjande vedtak i sitt møte 13. oktober 2015:

SAK 74/15 Søknad i samband med ferdigstilling av underetasjen i Knarvik kyrkje

- Lkf godkjenner følgjande finansieringsplan for byggetrinn 2 for Knarvik kyrkje:
  - 1) Ei føresetnad frå Lkf si side for godkjenning av opptak av lån er at Lindås kommunestyre gjer kommunal garanti som sjølvskyldnarkausjonist overfor Kommunalbanken, slik at ein kan oppnå lågast mogeleg rente
  - 2) Byggherre sin garanti for lånet vert sikra ved at det vert oppretta eit eige fond for utbygginga. Kapitalen i fondet kjem frå eigenkapital, utleige, gaver og overskot frå evt arrangement i kyrkja etter at Lkf har fått dekt sine utgifter (jfr. KL §20). Laupande låneutgifter vert dekt frå dette fondet.
  - 3) Dersom fondet sin kapital overstig lånekostnad for eitt år, kan Lindås kyrkjelege fellestråd gjere vedtak om å nytte deler av kapitalen til ekstra avdrag på lånet.
  - 4) Dersom fondsmidlane ikkje dekkjer lånekostnadar som forfell til innbetaling, vert manglande likviditet stilt til rådvelde frå Lindås kyrkjelege fellestråd. Dette skal refunderast når fondet har fått tilstrekkeleg kapital.
  - 5) Fondet vert avvikla når heile lånet er nedbetalt. Evt resterande kapital blir då å føre over til Alversund sokneråd.
  - 6) Lkf ved kyrkjeverja forvaltar fondet, jfr KL §19 og KL §16 siste lekk

Vedtaket var samrøystes.

For Lindås kyrkjelege fellestråd,

Torgeir Paulsen  
Kyrkjeverje i Lindås